

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80 e-post:
t-dagane.voss@kyrkja.no, www.voss.kyrkja.no Frivillig
gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293 (merk:
trusopplæring)



Velkomen til T8-dag
i Vangskyrkja
fredag 13. mars
kl. 09:00-12:00



Velkommen til **T8**
-dag for deg som er 8 år (fødd i 2018).

NB! Før du startar med å lese, er det viktig å vite at dette brevet er topp hemmeleg og må kun lesast av åtteåringar frå Voss, og deira føresette.

Fredag 13. mars (Planleggingsdag) **kl. 09:00 til 12:00** treng me hjelp av deg til å løysa hemmelege oppdrag og mysterium i Vangskyrkja.

Me inviterer deg til å vera med på agentoppdrag som:

Symboljakt

Felleskor av tårnagentar

Tårnagentbollar,
og mykje meir.

Dersom de søker på “tårnagent” på www.youtube.com kan du sjå andre tårnagentar, samt lære deg tårnagentsangen me skal syngja.

Ta med:

Lommelykt og førstøringsglas (dersom du har), gjerne merkt med namn. Innesko.

Påmelding innan onsdag 11. mars

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden



I påmeldingsskjemaet kan de gje oss opplysningar me treng for at borna skal få ein best mogeleg dag. Her kan de òg melda dykk som medhjelparar denne dagen.

Treng de kontakt med oss?
Rønnaug Skjeldal har mobilnr. 95262025